



VEDTEKTER FOR LUSTER TURLAG

Vedtatt 04.02.2025

§ 1 FØREMÅL OG ORGANISASJON

§ 1.1 Føremål

Luster Turlag er DNT Sogn og Fjordane sitt lokallag i Luster Kommune. Luster Turlag skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

§ 1.2 Organisasjon

Luster Turlag er ein integrert del av DNT Sogn og Fjordane. Aktiviteten i turlaget skal skje i samsvar med DNT Sogn og Fjordane sine vedtekter. Aktivitetane skal til ein kvar tid skje innafor ramma av DNT Sogn og Fjordane sine føringar, og vere i samsvar med retningslinjer/samarbeidsavtale inngått mellom partane.

Luster Turlag blir representert i DNT gjennom DNT Sogn og Fjordane.

§ 1.3 Medlemskap

Medlemskap i Luster Turlag er ope for alle enkeltpersonar som ønskjer å bli medlem. Medlemmar av Luster Turlag er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer eller medlemmen blir strøken som følge av manglande kontingeintinnbetaling.

Alle medlemmar i DNT Sogn og Fjordane er automatisk også medlem i Luster Turlag viss dei bur i Luster kommune, og ikkje reserverer seg mot medlemskap. Medlemmar av DNT som er busett utanfor medlemsområdet, kan bli medlem om dei ønskjer det.

Medlemmane har forslags- og stemmerett på årsmøtet og kan bli vald til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Alle medlemmar er medlem av DNT og har medlemsrettigheter ved besøk på alle medlemsforeiningane sine hytter og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

§ 2 ÅRSMØTET

§ 2.1 Høgste myndigheit

Årsmøtet er Luster Turlag sitt øvste organ.

§ 2.2 Deltaking og stemmerett

Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt. Vedtak treffast ved fleirtal av dei avgitte stemmene. Styret i Luster Turlag har forslags- og talerett under årsmøtet.

§ 2.3 Innkalling

Ordinært årsmøte skal vere avvikla innan utgangen av februar kvart år. Kunngjering av årsmøtet med tid og stad skal gjerast offentleg kjent på Luster Turlag si heimeside med tre veker varsel. Saker ein vil ta opp på årsmøtet må vere styret i hende minst to veker før årsmøtet.

§ 2.4. Sakspapir til årsmøte

Sakspapir skal være tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet, og skal innehalde tid, stad, sakliste, nødvendige saksdokument og annan relevant informasjon om møtet.

§2.5 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal handsame:

1. Val av ordstyrar, protokollførar og to representantar til å underteikne protokollen
2. Godkjenning av innkallinga
3. Godkjenning av saklista
4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
5. Handsama eventuelle innkomne framlegg
6. Val av leiar, nestleiar, kasserar og medlemmer til styret
7. Val av revisor
8. Val av leiar og medlemmer til valnemnda

§ 2.6 Ekstraordinært årsmøte

Styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte med minst to vekers varsel etter:

- a. Vedtak av årsmøtet
- b. Vedtak av styret i Luster Turlag eller DNT Sogn og Fjordane
- c. Krav frå minst 20 medlemmer med stemmerett

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnt i vedtaket eller kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet. Møteinnkalling og vedtak skjer etter same reglar som for ordinære årsmøte.

§ 3 STYRET

§ 3.1 Styret si myndigheit og oppgåver

Luster Turlag vert leia av eit styre med leiar og inntil 6 styremedlemmer. Styret sin leiar kallar inn til styremøte. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av styret sine medlemmar er til stades. Ved likt tal stemmer er leiaren si stemme avgjerande.

Styret si oppgåve er å leie Luster Turlag i samsvar med vedtektene og føringar frå DNT Sogn og Fjordane. Styret er bunde av dei retningslinjer/samarbeidsavtale og andre vedtak styret i DNT Sogn og Fjordane har vedteke.

§ 3.2 Samansetjing og val av styret

Laget vert leia av eit styre med ein leiar og 6 styremedlemmar, som i samsvar med desse vedtektene skal veljast slik:

1. Leiar vert vald for 1 (eitt) år på årsmøtet.
2. Styrerepresentantane vert valde for to år om gangen på årsmøtet. Kvart år går det ut tre representantar, som det vert val på. Ein av styremedlemmane vert valt til nestleiar og ein til kasserar.
3. Til styret vert valt to varamedlemmar for eitt år om gongen.

§ 3.3 Styret sitt arbeid

Styret vert innkalla av leiaren så ofte som behovet tilseier, eller når minst 2 av styret sine medlemmar krev det. Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av medlemmene deltek. Ved likt tal stemmer er leiaren si stemme avgjerande. Innkalling til, og referat frå styret sine møte er tilgjengeleg for medlemmane, med mindre styret avgjer noko anna i den enkelte sak.



§ 3.4 Signatur

Leiar og ein styremedlem har saman fullmakt til å skrive under for laget i viktige saker som ved låneopptak, kontraktskriving, tinglysingar eller liknande.

§ 4 VALNEMNDA

§ 4.1 Samansetning og val av valnemnda

Luster Turlag skal ha ei valnemnd på 3 medlemmar. Medlemmane vert valde av årsmøtet for to år om gangen etter innstilling frå styret.

§ 4.2 Valnemnda si mynde og oppgåver

Valnemnda skal innstille til val av styret. Årsmøtet kan fastsetje retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

§ 5 INHABILITET

Eit medlem av styret eller andre tillitsvalde i lokallaget kan ikkje vere med på å handsame eller avgjere spørsmål der vedkomande eller hans/hennar nærstående må reknast å ha ei klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjersle om nokon er nærstående etter denne regelen, gjeld aksjelova sine regler tilsvarende.

§ 6 BROT PÅ DNT SITT REGELVERK

Medlemmar i Luster Turlag som gjer seg skuldig i grove brot mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedtatt av DNTs organ, kan verte ilagt irettesetjing, tap av retten til tillitsverv eller tap av retten til medlemskap i foreininga. Styret kan handsame slike saker. Eit medlem som er ilagt sanksjonar som nemnt, kan bringe saka inn for landsstyret eller domsutvalet til endeleg avgjerd i samsvar med DNT sine vedtekter § 12.2.

§ 7 OPPLØYSING

Luster Turlag kan oppløysast på årsmøte med minst 3/4 fleirtal og må takast opp med same krav til fleirtal på eit etterfølgjande ekstraordinært årsmøte som vert halde minst 4 veker seinare. Viss Luster Turlag vert oppløyst, skal Luster Turlag sine midlar overførast til DNT Sogn og Fjordane.

§ 8 VEDTEKSENDRINGAR

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtektsendringar skal vere oppført på saklista og krev 2/3 fleirtal av avgitte stemmer.